



Bokn kommune

Dato: 09.07.2026

Arkivsak-ID.: 26/514

JournalpostID: 26/2323

Saksbehandlar: Jardar Havikbotn

Kommunedirektør/rådmann:

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/26	Ungdomsrådet	31.08.2026
	Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing	
077/26	Formannskapet	08.09.2026
	Kommunestyret	

Retningslinjer for Bokn kommune sin frivilligpris

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommune vedtar følgande retningslinjer for Bokn kommune sin frivilligpris:

- Bokn kommune ved formannskapet kan kvart år dela ut ein frivilligpris. Prisen er ein heiderspris til ein initiativrik person eller frivillig organisasjon, som over lengre tid - eller i ein tidsavgrensa periode, har vist ekstraordinær innsats i organisert frivillig arbeid, til det beste for innbyggjarane i Bokn. Prisvinnarane skal over tid ha synleggjort frivilligheitas breidde og mangfald, både med tanke på organisasjonsform og tematikk.
- Alle, inklusive komiteen, kan foreslå kandidatar som bur i Bokn. Framlegga må vera grunngeve. Forslagsfrist er 1. november kvart år.
- Ein komite bestående av ordførar, varaordførar og kultursjef innstiller på aktuelle kandidatar. Saka er unntatt offentlegheit av personvernomsyn.
- Prisen blir ikkje gitt for kommunalt arbeid, men kommunalt tilsette kan nominerast for frivillig innsats utanom jobben.
- Formannskapet står fritt til å vurdere korvidt prisen skal delast ut kvart år. Utvalet står også fritt til å tildela frivilligprisen til ein annan kandidat enn den som er foreslått av komiteen, men kandidaten skal vera blant dei forslaga som er fremja innan fristen.
- Det trengst eit samrøystes formannskap som røystar på kandidaten/kandidatane som skal få frivilligprisen.
- Frivilligprisen skal bestå av ein gåvesjekk på kr 5 000 og innramma diplom.
- Det er berre prisvinnaren/vinnarane som får namnet sitt/namna sine offentleggjort.
- Tildelinga skjer på ordføraren si nyttårsmottaking i januar.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennom møteverksemd og samarbeid mellom Bokn kommune og frivillige organisasjonar i Bokn, har det vakse fram eit ønske om å heidra frivillige "kvardagsheltar" og synleggjera verdien av frivillig innsats for fellesskapen. Fleire kommunar har også utvikla slike prisar dei siste åra. Det var også eit ønske om å dela ut ein slik pris for 2025, og heilt på slutten av fjoråret gav ordføraren grønt lys, etter å ha drøfta det i partileiargruppa, til at innstillingskomitéen for kulturprisen (ordførar, varaordførar og kultursjef) kunne gjera vedtak på ein prisvinnar. På nyttårsmottakinga 11. januar i år blei Frivillighetsprisen 2025 delt ut. Komiteen gjennomførte arbeidet etter same mal som for kulturprisutdelinga, både i kunngjering og drøfting

Saks- og faktaopplysningar

Formålet med frivilligprisen er å auka status og interesse for frivillig arbeid. Den skal synleggjera verdien av frivilligheita for menneske og samfunn gjennom å løfta fram gode døme på resultat av frivillig innsats. Prisen kan gjevast til ein person eller frivillig organisasjon.

Vurdering

Det er eit mål å tilrettelegga for auka frivilligheit. Ein pris vil stimulera til dette. Frivilligprisen er arbeid i ein organisasjon. Frivillig innsats utan tilknytning til organisert arbeid legg me i kulturprisen. Medan kulturprisen består av eit kunstverk, foreslår kommunedirektøren å bruka gåvesjekk for frivilligprisen. Sjølv om prisen kan gå til ein enkeltperson, vil han truleg gå oftare til eit lag.

Det kan vera problematisk for ein organisasjon å ta imot eit kunstverk, då ikkje alle har eige hus å henga dette opp. Ein gåvesjekk er derfor det beste.

Kommunedirektøren foreslår også at Bokn gjer som andre nynorskkommunar; å kalla prisen for frivilligpris, då ordet frivillighetspris både er tyngre i talemåte og ikkje eit nynorskord.

Forslag til retningslinjer for Bokn kommune sin frivilligpris:

- Bokn kommune ved formannskapet kan kvart år dela ut ein frivilligpris. Prisen er ein heiderspris til ein initiativrik person eller frivillig organisasjon, som over lengre tid - eller i ein tidsavgrensa periode, har vist ekstraordinær innsats i organisert frivillig arbeid, til det beste for innbyggjarane i Bokn. Prisvinnarane skal over tid ha synleggjort frivilligheitas breidde og mangfald, både med tanke på organisasjonsform og tematikk.
- Alle, inklusive komiteen, kan foreslå kandidatar som bur i Bokn. Framlegga må vera grunngjevne. Forslagsfrist er 1. november kvart år.
- Ein komite bestående av ordførar, varaordførar og kultursjef innstiller på aktuelle kandidatar. Saka er unntatt offentlegheit av personvernomsyn.
- Prisen blir ikkje gitt for kommunalt arbeid, men kommunalt tilsette kan nominerast for frivillig innsats utanom jobben.
- Formannskapet står fritt til å vurdera korvidt prisen skal delast ut kvart år. Utvalet står også fritt til å tildela frivilligprisen til ein annan kandidat enn den som er foreslått av komitéen, men kandidaten skal vera blant dei forslaga som er fremja innan fristen.
- Det trengst eit samrøystes formannskap som røystar på kandidaten/kandidatane som skal få frivilligprisen.
- Frivilligprisen skal bestå av ein gåvesjekk på kr 5 000 og innramma diplom.
- Det er berre prisvinnaren/vinnarane som får namnet sitt/namna sine offentleggjort.
- Tildelinga skjer på ordføraren si nyttårsmottaking i januar.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Bokn kommune formaliserer frivilligprisen ved å vedta forslaget til retningslinjer for Bokn kommune sin frivilligpris i saksframstillinga.